

Nyheitsbrev Mai 2024



Lønstilskot til verksemder som tilbyr sommararbeid for skuleungdom – 2024

NY søknadsfrist 1.juni

- Private eller offentlege verksemder i Tokke kan søkje om lønstilskot til sommararbeid for skuleungdom frå Tokke frå fylte 14 år til 25 år i kalenderåret.
- Sjå meir om [ordninga](#)
- **Søknadsfrist: 1.juni 2024**

Verkemiddel og kompetanse

Tokke kommune vil oppmode dykk som driv næring til å nytte dykk av eksisterande finansierings- og kompetanseordningar som finnast- og tak gjerne kontakt for informasjon og rettleiing.

[Innovasjon Norge](#)

[TUF – Telemark utviklingsfond](#)

[Telemark Næringshage](#)

[Skattefunn](#)

[BIO- ordninga](#)

Tokke kommune - næringsfond

Tokke Teknologipark – utleige av kontor og møterom

Tokke Teknologipark har ledige kontorlokale. Ljose kontor på ca. 11 kvm, med store vindu og fin utsikt mot naturen. Møterom til 12 personar, med skjerm og teknisk utstyr.

Fasilitetar som treningsrom, heis, kantine, møterom og moglegheit for å leige drop-in kontor mm.

Sjå meir informasjon og bilder her:

[Møterom – Tokke Teknologipark](#)

Kontakt:

Gro Kvasjord, mobil: 99 31 24 83

Epost: post@tokketeknologipark.no



Sentrumsutvikling

I vår har Joker Dalen rusta opp butikken og lagt om til open butikk kvar dag – heile året. Dei har og etablert ein triveleg møteplass i lokala, med kaffi og sitjeplassar.

House of Madagascar AS har opna ny, fargerik butikk i sentrum på Dalen- med sal av kaffi, interiør, klede og tilbehør. Produkta er importert frå Madagascar og verksemda har fokus på rettferdig handel og berekraft.

Finstøga treng ny drivar/ kokk / servitørar med oppstart så snart som mogleg. For meir informasjon kontakt Sentrumsbygg Dalen AS v/Åsmund Stenseth, mobil 915 50 890.

Elles er det god aktivitet på Blomsterbua, Gullsmed Vinjerui, Coop Extra og Skafså Bakeri.

Turistsesongen er i gang, Brokke- Suleskardvegen har opna og vi håper det blir mykje aktivitet i sommar. Dalen hotell planlegg å utvide sesongen til 15.12 og er eit godt steg på veg mot heilårsdrift!



Næringsutviklar – ledig stilling!

Etter snart 6 spennande og trivelege år i Tokke skal underteikna vidare til nye oppgåver i Valle kommune, som er heimstaden min. Eg vil nytte høvet til å takke for meg og alle dei spennande oppgåvene eg har hatt her- ikkje minst på grunn av dykk som bidreg til eit aktivt og utviklingsorientert næringsliv!

Eg vil vere i jobb til om lag 5. juli – så berre ta kontakt om det er noko vi kan bidra med 😊

Inntil det vert tilsett ny næringsutviklar kan dykk ta kontakt med kommunalsjef plan, næring og kultur - Knut Erik Paulsen, m. 905 28586 e-post: knuterik.paulsen@tokke.kommune.no

Med helsing



Åse Ingebjørg Flateland
Nærings- og samfunnsutviklar

☎ 91721365

☎ 35 07 52 61

✉ aseingebjorg.flateland@tokke.kommune.no